



Mona Vetrhus - glad for betre sendetid. (Foto:NRK)

Programleiar og produsent Mona Vetrhus frå Uskedalen er glad for at diktprogrammet Diktafon, som siste halvåret har vore sendt på P2 sundag morgon klokka 7.02 no er flytta til laurdag ettermiddag, like etter Hallo i uken.

Ho tek flyttinga til beste sendetid som ein tillitserklæring og som eit uttrykk for at det vert satsa på programmet. Det auka frå 20.000 lyttarar i august til 60.000 no i slutten av året og no håpar ho på enda fleire.

Komande laurdag er temaet 'Sex i dikting' og med seg i studio har ho bokmeldar Knut Hoem og sexpirator Cecilie Kjensli. Målet både med desse og dei andre programma er å vekke større interesse for dikt. Annakvart program har eit definert tema og annakvart er ein reportasje, til dømes eit møte med ein diktar.

Uskedalingen har det hektisk, men ho stortrivs i jobben. Ho held også sjølv på med ei diktsamling som ho håpar å få ut snart, seier ho til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen